



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1615 - 19/9100

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
15.03.2019

## Førebels svar - mottatt klage på vedtak datert 13.02.19 - dispensasjon bruksendring - gbnr 172/3 Hopland

**Tiltak:** dispensasjon bruksendring  
**Byggjestad:** Gbnr: 172/3 Hønsedalen 38  
**Tiltakshavar:** Magnar Hopland  
**Ansvarleg søkjar:** Sweco Norge AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 13.03.19.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Dersom Plan- og miljøutvalet opprettheld vedtaket, vert klagen sendt fylkesmannen i Vestland ved settesfylkesmann for endeleg avgjerd.

Klagen skal handsamast i Plan- og miljøutvalet. Møta vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

### Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 13.02.19.

Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølv klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.



Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje uopretteleg skade eller tap for partane.

Saka gjeld dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av driftsbygning til bustadføremål og næringsføremål. Det er bedt om at det vert gjeve utsett iverksetting i saka fram til klagesaka er endelege avgjort.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

Vedtaket om dispensasjon er rettskraftig og det kan sendast inn søknad om bruksendring med gyldig dispensasjon. Det vil vere uheldig at det vert søkt om og gjeve løyve til bruksendring bassert på ømsøkt og gjeve dispensasjon før klagen er endeleg avgjort.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Klage på dispensasjon til bruksendring på - gbnr 172/3 Hopland

**Kopi til:**

Magnar Hopland	Hønsedalen 40	5912	SEIM
Magnar Hopland	Hønsedalen 40	5912	SEIM
Sweco Norge AS	Fantoftveien 14P	5072	BERGEN

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO